



Tunet kyrkje- og kultursenter treng din hjelp


Les meir på side 6



Kvifor dåp?

Kvart år vel 60-70 -tusen foreldre å bera barnet sitt dåpen i den norske kyrkja.

Side 3



4 på tunet

I løpet av veka er det fleire ungdommar innom Tunet. Vi tok en prat med 4 av dei.

Side 4



Kyrkjelydsarbeid i koronatida

11.mars vart det store endringar i landet og vi som kyrkje måtte dessverre legge ned aktivitetane i kyrkjene og på Tunet.

Side 8

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Linda Ekerhovd og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd

ANSVARLEG REDAKTØR:

Linda Ekerhovd

LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Birgit Tarlebø

TRYKK: Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.800 stk

OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:

Bente Brøvig Strømme

OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 00

KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: post.os@kyrkja.no

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

YNSKJER DU Å ANNONSERE I KYRKJEBLADET?

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller e-post: post.os@kyrkja.no

Å vere kyrkje i koronatida

I skrivande stund kan det følast som vår nasjon har vorte sett på pause. Vi er bedt om å halde oss heime, nokon skular er stengd og personar opplever å blir permittert på ubestemt tid.

Ting endrar seg frå dag til dag. Når du held dette bladet i di hand kan det vere at situasjonen er den same, eller det kan vere at tilværet er nokolunde tilbake til normalt.

I desse dagar kjenner vi som kyrke på utfordringar for korleis vere der for bygda vår. Korleis vere eit kristen fellesskap utan søndagens gudstenestene i kyrkja og dei fysiske møteplassane i kvardagen?

Korleis går det med han pappaen som var på babysong for fyrste gong, eller ho ungdommen som hadde ei matteprøve ho grua seg til eller korleis går det med det ekteparet som er trufast med på kvar Senior Koinonia?

Vi bryr oss om dykk og vi bryr oss om deg!

Et kristent fellesskap er meir enn eit bygg og dei aktivitetar som fyller bygget. Et kristent fellesskap er eit fellesskap bygd på kjærleik. I Efesarane 3:18-19 skriv Paulus til kyrkja i Efesos at

«...må de saman med alle dei heilage få styrke til å fatta breidd og lengd, høgd og djupn, ja, kjenna Kristi kjærleik, som er større enn nokon kan forstå. Må de bli oppfylte med heile Guds fylde!»

På side 3 i bladet møter vi to foreldrepar som har vald å la barna sine bli døypt. I dåpsliturgien seier vi at «i dåpen tar Gud imot oss og sameinar oss med den korsfesta og oppstandne Jesus Kristus». Det fellesskapet ein får del i gjennom dåpen, er ikkje berre eit fellesskap med Jesus, men også med andre kristne. I dåpen tar vi imot Guds kjærleik og vi blir døypt inn i kyrkja, inn i det kristne fellesskapet.

Vi i Os kyrkje håper vi kan være der for innbyggarane i Os og vise kjærleik; om det en telefonsamtale, ta imot forbønnsønsker eller dele oppmuntring og andakt på facebook. Og så gler vi oss veldig til vi kan sjåast igjen ansikt til ansikt. Til å gje ein klem til dei som treng trøyst og omsorg. Til å ta en kaffi og slå av en prat på kontoret. Til å ære og prise vår Gud saman på gudsteneste.

Linda Ekerhovd

DAGLEG LEIAR

Normalt ville confirmantlistene for vårens konfirmasjonar stå i dette kyrkjebladet. Men desse vil i år bli lagt ut på vår heimeside. Vi vil gjere vårt beste for at informasjonen kjem ut til husstandane i Os.





Kvifor dåp?



Jenny og Hans Olav Hellerud og dåpsbarnet Markus.

Kvart år vel 60-70 000 foreldre å bera barnet sitt til dåpen i den norske kyrkja.

I Os kyrkjelyd har det dei siste åra vore mellom 150 og 180 dåp, alt etter storleiken på kullet av fødde. I tillegg er det kvart år mange ungdommar og vaksne som vert døypte. Men dåp er ikkje lenger det einaste alternativet til å markera at ein ny verdsborgar er komen.

Med så mange alternativ, og måtar å markera at det er komen ein ny verdsborgar til, kvifor skal ein velja dåp i kyrkja? Vi stilte tre spørsmål om dåp til eit par av familiane som valde dåp.

- 1. Kvifor valde de dåp?**
- 2. Kva betyr dåpen for dykk?**
- 3. Har de eit minne frå dåpsdagen som de vil dela?**

Lurer du på om du skal døypa barnet ditt i kyrkja?

Har du spørsmål om kva dåpen betyr eller andre spørsmål kring dåp? Ta kontakt med oss på kyrkjekontoret, så kan vi snakka litt saman.

Jenny og Hans Olav Hellerud. Døypte Markus i Nore Neset kyrkje 2. juledag 2019

1. Vi valde dåp fordi vi er personleg truande. Vi er begge døypt som barn, og dåp er ein viktig tradisjon i begge våre familiar.
2. Vi ser litt ulikt på det. Eg, Jenny, trur på frelsa i dåpen og at det derfor er riktig å døype barna våre. Hans Olav er meir usikker på dette og kunne gjerne hatt barnevelsning og, eventuelt seinare, voksendåp for Markus.
3. Det var utruleg fint å samle familie og vener til dåp! Markus var eit barn vi hadde ønskt oss lenge og kanskje spesielt derfor var det flott å kunne feire at han no var kome til verda. Det var også fint å vite at fadrane hadde fått eit spesielt ansvar for å be for Markus og det var godt å sjå omsorga fadrane hadde for han.

Sylvi Lundgren og Henning Vårdal. Døypte Adelheid i Os kyrkje 9. februar 2020

1. Dette er den finaste gåva vi kunne gje til jenta vår. Det er også ein fin anledning til å samle heile familien til fest.
2. Siste verset i dåpssalmen seier det så fint: »Det skjer et under i dåpen, her skapes liv av ord. Barnet er størst i Guds rike, skjønt det er minst på jord.« For meg betyr det at dåpen gjev Guds kjærleik, nåde og frelse. I tillegg til dette er det ein døropnar til eit større felleskap i den kristne trua.
3. For oss som er innflyttarar, med familien spreidd over store delar av landet, var det ekstra kjekt å samle familien den helga. Det var eit forrykande uvær på fjellet og på havet, så dei som skulle reise aust/vest sat i kolonne og dei som kom ifrå sør måtte stå i ferjekø i nokre timar. Vi var også så heldige at vi fekk nokre dropar med vatn frå ein av isbreane som kjem ut i Kongsfjorden blanda inn i dåpsvatnet. Kanskje dette vatnet (som har vore frose i nokre tusen år) var det næraste desse barna kom isbrear?



4 på Tunet

I løpet av veka er det fleire ungdommar innom Tunet. Vi tok en prat med 4 av dei.

1. Kva betyr ungdomsarbeidet for deg?
2. Kva syns du er best med det?
3. Er det plass til fleire?



Anna Blindheim Skjælaaen

Vore med i ungdomsarbeidet sidan 2015. Styrerleiar i KRIK, med i ungdomsnemnda, og aktivt med i planlegging og utføring av fredagshappingane.

- 1) Ungdomsarbeidet for meg betyr veldig mykje. Det er eit avbrekk i kvardagen der er kan få vera saman med venner og andre menneske i eit inkluderande fellesskap. Det er alltid nokon som smiler og seier hei og spør korleis ein har det. Alle kan vere med alle og ingen dømmer.
- 2) Det som eg synast er best med KRIK er at ein kan kome uansett alder (for det meste), status eller nivå og bli godt tatt i mot. På KRIK handlar det ikkje om å score flest mål eller springe fortast, det

handlar om å ha det kjekt saman. Det eg synast er best med fredagshappingane er at her og kan kven som helst komme. Og om ein er ny er det alltid nokon som seier hei eller slår av ein prat. Det er ein plass ein kan vere med gode venner og gjere kjekke aktivitetar saman. Samtidig som ein kan læra om Jesus og Spesielt korleis han passar inn i kvardagen til oss unge.


3) Det er alltid plass til fleire ungdommar i ungdomsarbeidet, noko som alle burde vurdere. Det gir ein ny energi i kvardagen å vere rundt så kjekke folk. Ingen kan motsei det. Om ein vil kan ein ta med heile vennegjengen. Det er plass til dei også!



Are Botnevik

Vært med i familieKRIK i mange år og i ungdomsarbeidet. Starta KRIK Os i 2017 og starta opp Team i Tunet i 2019

- 1) For meg betyr ungdomsarbeidet eit fellesskap der alle kan være seg sjølv, men samtidig med felles tru.
- 2) Det eg syns er best med dei arrangementa vi har i vårt ungdomsarbeid er at sjølv om vi har eigne grupper for sang og musikk, sport og aktiviteter, friluft og kunnskap så kan vi alle felles møtast utan forpliktelsar på den månadlege happeningen i tunet. Det er altså plass til mange forskjellige interesser.
- 3) Ja! Det er absolutt plass til fleire ungdommar i ungdomsarbeidet vårt. Om du savnar å ha ein aktivitet eller en hobby, eller kanskje berre har lyst å være med i eit godt og trygt fellesskap, så bør du bli med.



Kristina Andreasson Dale

Dirigent i JoinUs. vært med i Join Us i 3 år.

- 1) Eg starta i Join Us som konfirmant og har blitt der sidan det, og er no så heldig å få være dirigent for dei. Ungdomsarbeidet for meg betyr vennskap, fellesskap og glede.
- 2) Det beste med Join Us er miljøet vi har der og alle dei flotte menneska som viser sine talent på mange måtar gjennom både sang, dans, drama, band og teknikk.
- 3) Det er alltid plass til fleire ungdommer hos oss, og er du glad i å synge, spelle i band, reise på gøye turar og være sosial, så er Join Us den rette plassen for deg!

Birk Eiken Lunde

Vore med i ungdomsarbeidet sidan 2014. No med som frivillig medarbeidar når det trengs.

- 1) For meg betyr det at ungdomane har ein plass der dei kan være seg sjølv, kunne vise sine interesser og få minner for livet.
- 2) Det eg synes er det beste med ungdomsarbeidet er når vi drar på turar som sosial weekend, leirar og festivalar. På dei er det alltid kjempe mange gøye aktiviteter, samtaler og for å ikkje gløyme all den gode maten dei serverar.
- 3) Vi har alltid plass til fleire ungdommar. Hvis du ønskjer å være med på mykje gøy, få nokre nye venner og få vite meir om di tru, så er Os kyrkje sitt ungdomsarbeid staden som kan gje deg minner for livet.

Helsing frå ungdomsarbeidaren:

I desse tider må me ta ekstra godt vare på kvarandre, ting har nok ikkje blitt slik me såg det føre oss men slik er livet. Livet skjer. Ta vare på kvarandre.

Det er viktig at ein greier og tenke framover. For min eigen del betyr det å ta eit steg tilbake då eg skal ut i farspermisjon i sommar og ikkje er tilbake før ved slutten av 2020. Men for deg som ungdom vil Os kyrkje fortsette å tilby gode aktivitetar.

Det vil bli lagt opp til same opplegg til hausten med happenings og tilbod til ungdommen i vekedagane slik som Join Us.

Treng du inspirasjon i tida som ligg føre med tanke på aktivitetsforslag eller om du ønskjer litt påfyll i trua di så kan du sjekke ut desse nettstadene:

- www.ltro.no
- www.plussord.no
- <https://www.foross.no/>
- <https://www.preach.no/>
- <http://kirke18-30.no/>
- www.bibelen.no

Ver ikkje urolige for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.

Fillipparbrevet 4:6-7

Helsing
Lars Joar Hilleren
 UNGDOMSARBEIDAR



Tunet kyrkje- og kultursenter taper store leigeinntekter i 2020

Tunet er vanlegvis vår samlingsstad, både for Os kyrkjelyd og for bygda vår, her møtast små og store til godt fellesskap veka gjennom.

Men, i desse korona-tidene er Tunet stengt, og vi må vente med kor-øving, konsert, inspirerende undervisning, hyggeleg kyrkjekaffi, ungdomssamlingar, strikking, trim - og ikkje minst; det viktige kyrkjelydsarbeidet blant barn og unge!

Utleige til kurs og møter i næringslivet, og til feiring av merkedagar og minnesamvær har hittil gjeve stabile inntekter til drift av Tunet. I korona-tida har desse inntektene falle bort, og har på sikt blitt ein usikker faktor.

Private gåver er avgjerande for å få økonomien til å gå rundt, og til denne tid har det gått fint! Stadig har innsamla midlar vorte sett inn på lånet, og kvar måned har pengar frå faste gjevarar bidrege til å betale månadlege avdrag.

Dessverre ser vi likevel at så lenge Tunet må være stengt kan tap av leieinntekter på sikt gje store konsekvensar både for nedbetaling av lånet og for bygget.

Derfor spør vi deg, som set pris på Tunet, om økonomisk støtte, anten ei enkelt pengegåve eller eit fast beløp kvar måned. Med overkomelege gåver frå mange, medan korona-viruset herjar, håpar vi å kunne 'stå han av'.

Eit bidrag til Tunet er eit bidrag til kyrkjelydsarbeidet samt gode trusopplærings-tiltak som skal vi fortsette med, så snart ting er tilbake til det normale!

Takk for di støtte!

Venleg helsing Linda Ekerhovd,
Dagleg leiar, Os sokn

Slik kan du gje di støtte:

- På vår nettside: www.kyrkja.no/os-hordaland kan du nytte lenka til «Spleis»
- Du kan nytte VIPPS til 20250 / Gåve til Tunet
- Bli fast gjevar. Registrer deg på nettsida vår eller nytte skjema som ligg vedlagt i dette kyrkjebladet.

Kyrkja er open for dåp, og i koronatida

Dåp er ein viktig tradisjon for mange familiar. Tradisjonen med dåp seier mykje. Dåp er tru. Dåp er å høyre til. Dåp er å leggja livet i noko som er større enn oss sjølv. Dåpen er når Gud inviterer oss inn til fellesskap med seg. Dåp er ein viktig livsrite der vi feirar livet. Dåpen er kort sagt meir himmel på jord. Dåpen blir feira i ramma av ei gudsteneste. Men korleis kan vi feira

dåp no, når dei vanlege gudstenestene i kyrkjene våre er digitale, og vi ikkje kan møtast fysisk til gudsteneste? Kyrkja er open for dåp, både for born, ungdom og vaksne. Det blir lagt opp til dåp der ein og ein familie kjem til kyrkja, og dåpen blir gjennomført med dei nærmaste til stades. I disse tider kan vi og leggja opp til dåp på andre dagar enn søndag. Vi tilbyr dåp, både i Os kyrkje og Nore Neset kyrkje.

Ønskjer du dåp?

Ta i så fall kontakt med kyrkjekontoret på telefon 56572400 eller sjå nettsidene våre. Når du er registrert for dåp vil ein av prestane ta kontakt med dykk, og avtala nærare korleis vi møtast og gjennomfører dåpen. Velkomen til dåp i kyrkjene i Os og Fusa.

Prestane i Os sokn



Kjære konfirmant 2020!

Korleis har du det? No er vi midt i mai og du skulle ha opplevd din store dag - konfirmasjonsdagen.

Sånn blei det ikkje. I staden for har du, saman med alle konfirmantar, opplevd å bli del av ei verdsomspennande krise som sette stoppar for alle desse planane. For ei utfordring for deg og for oss alle!

Helseminister Bent Høie held ei takketale til ungdommen i slutten av april der han mellom anna seier «Neste sommer finnes ikke når du er ung...». Det er ei viktig sanning som gjeld mange unge. Neste vår finnast heller ikkje for deg som er konfirmant – 2020 er ditt konfirmant-år! Vi vaksne rundt deg, konfirmantleiarar, foreldre, besteforeldre, tanter og onklar forstår dette og veit at dette er eit tap for deg! Men heldigvis er livet ofte sånn at det går an å finne løysingar midt i det som er eit problem.

Vi har no fastsett nye datoar for konfirmasjonar i september.

Mens vi ventar ynskjer vi fram mot dette å halde kontakt med våre flotte konfirmantar 2020. Så lenge vi ikkje kan møtast gjer vi dette gjennom nettbasert undervisning og kontakt på mail og telefon.

Vi håpar og å få til ei samling i gruppene, og førebuing i kyrkjene til konfirmasjonen, i løpet av august og september. Dette skjer så langt det er mogeleg i høve til gjeldane restriksjonar. Vi ynskjer at du skal ha eit best mogeleg utbytte av konfirmanttida di.

Os-konfirmantane gjorde ein fantastisk innsats i fasteaksjonen. Trass i karantenetida samla vi inn rekordmykje pengar til «reint vatn for alle». Tusen takk for innsatsen!

Vi i kyrkjelyden vil ynskje deg som konfirmant ei velsigna «ventetid». Vi gler oss til å feire konfirmasjon i kyrkjene våre med deg og familien din. Vi helsar med eit løfte frå bibelen:

«For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von.» Jeremia 29,11

Hildur Løkken Lillestøl

KATEKET

Kyrkje i Coronatid

Eg ser utover kyrkjebenkane
Små grupper sit tett og samla, nær kvarandre.
Dei som bur i same husstand.

2 meter unna: Ei ny lita gruppe,
eller berre ein og ein.
Vis omsyn! Hald avstand!
Ein og ein kjem dei,
Med berre dei næraste
Klokkene ringjer,
menneske samlast for Guds andlet
inn i hans nærvær i ei tid
då mykje er fylt av fråvær.
3 gonger vert vatnet aust over barnehovudet,
Til namnet åt Faderen, Sonen
og den Heilage Ande.
Dei er her ikkje alle dei
ein gjerne skulle hatt her,
berre nokre få, utvalde
Men Jesus har lova å vere med alle dagar
3 skuffer med mold på kista
av jord er du komen,
til jord skal du verte,
av jorda skal du igjen stå opp
Berre nokre få til stades,
Ikkje alle som var glad i,
Tungt å ikkje få vere med
å ta avskjed med ein kjær
Ved døypefonten og ved kista
lyder desse orda:
Lova vere Gud vår Herre Jesu Kristi Far,
han som i si store mikunn har fødd oss på nytt
til ei levande von ved Jesu Kristi
oppstode frå dei døde
Det blir bra

Margrethe Holmboe Askeland

SOKNEPREST





Kyrkjelydsarbeid i Koronatida

11.mars vart det store endringar i landet og vi som kyrkje måtte dessverre legge ned aktivitetane i kyrkjene og på Tunet.

Men takka være teknologien og kreativitet vart det mogleg å møtast på nye måtar. Her er eit innblikk i korleis livet i kyrkja har sett ut dei siste to månadane.

Church craft

Sjølv om aktivitetane på tunet har måtte ta ein pause i desse dagar grunna pandemien har me framleis forsøkt å gje ungdom som ynskjer det eit aktivitetstilbod.

Minecraft har du kanskje høyrte om, om ikkje så er det eit dataspel der du kan bygge alt mulig i blokk konstruksjon. Dette er det wikipedia har om det:

«Minecraft er eit svenskutviklet sandkassespill for PC, mobil og spillkonsoller, som lar spilleren bygge og rive ned konstruksjoner av kuber i en 3D-verden. Spillet passerte 186 millioner kopier solgt på 10-årsjubileet, og er det mest solgte spillet i verden.» I den forbindelse vart det lansert ein konkurranse i april i regi av «gamingpresten» der oppgåva var å bygge di lokale kyrkje i Minecraft.

Frå Os var det ein gjeng ungdom som deltok. Dette er nokon av dei tilbakemeldingane dei kom med:

«det var kjekt å kunne bygge noko saman»

«Gøyt og bygge med andre»

«noe som kan gjentas»

«kjekt, men til tider vanskelig med tanke på design, hva man skal fokusere på, størrelse mm.»

«gøyt å gjøre noe i lag i disse koronatider»



Kyrkja slik den ser ut i Minecraft-universet.

Lars Joar Hillern
UNGDOMSARBEIDAR

Open kyrkje

Trass strenge koronasmittereglar inviterte vi til påskevandring i Os kyrkje 1. påskedag.

I kyrkja var alle stasjonane i påskevandringa sett ut, slik det har vore dei siste åra. Ein kunne følge vegen frå Jesu inngang til Jerusalem, betrakte utstillingane frå fotvaskinga og det siste måltidet, til Getsemanehagen, Golgata - og den opne grava.

Frivillige kyrkjevertar passa på at hender vart sprita, og var til stades inne i kyrkja.

Om berre ein familie kunne være inne om gangen synes vi det var eit fint tiltak. Det opna for ei stille stund der ein kunne samle tankar, få tenne eit lys og oppleve høgtidsdagen, om enn på ein litt annleis måte.

Open kyrkje var det også 1. mai, med ordførar Trine Lindborg blant dei frivillige. Denne dagen fekk dei besøkjande nyte nydeleg musikk av vår frivillige som stod på galleriet og spelte til ulike tider.

Vi håpar dette vert starten på «Open kyrkje» ved fleire anledningar, og vil kunngjere på nettsida www.kyrkja.no/os-hordaland når det vert aktuelt.

Inger-Johanne Haugland
FRIVILLIGKOORDINATOR



Digital ULF

Ein søndag i månaden møtast dei ungdomane som har ei eller anna form for leiaransvar i KRIK, speidar, Join Us, team i Tunet og trusopplæringa til Ungdomsleiarforum (ULF).

Vanlegvis er det møte heime hos Roar og Ingvild Evjedal. Det går sjølvstykke ikkje i koronaens tid. Men det er framleis godt å møtast og sjå kvarandre, og då er det godt å ha digitale plattformer å sjå kvarandre på. Det er på ingen måte det same som å møtast fysisk, men nokre av dei faste punkta i ULF-programmet går greitt digitalt og. 26. april var det tid både til runda der vi fortel litt om korleis livet er, andakt, og generelt småsnakk. Maten må deltakarane i desse tider ordna med sjølv. Vi gler oss til vi kan ha skikkeleg møte att, og dela måltid med kvarandre.



Roar H Evjedal
PREST

Babysang

Babysang er eit av dei første trusopplæringstiltaka kyrkjelydsmedlemmene i Os kyrkjelyd vert invitert inn til. Og i vår har vi hatt 44 babyar påmeldt til dei to gruppene våre i Os kyrkje og Nore Neset kyrkje. Desse fekk ikkje avslutta babysang-semesteret slik vi hadde håpa på, slik som så mange andre aktiviteter i denne tida.

For «å bøta litt på» har vi prøvd oss med direktesendt babysang – filming frå Nore Neset kyrkje. Vi laga lukka grupper på facebook, som berre er for desse foreldra. Å finna nye måtar å tenkje på er nesten blitt ein vane no, og ofte går dette ut over gjengen i driftsavdelinga, som har blitt utfordra på nye tekniske greier. Men dei har verkeleg stilt opp og hjulpe til med både nett, lys og det tekniske.

Det var litt skummelt i starten og gje seg ut på heilt nye plattformer, men det har gått fint. Direktesendt babysang har vist seg å bli eit av høgdepunkta i veka – både for oss i stab, men visstnok og for desse babyane. Vi har fått mange gode tilbakemeldingar på tilbodet, blant anna videosnuttar av babyar som kosar seg med babysangane. Det har vore utruleg gjevande!

Takk til alle foreldra som er heime med dei små! Bilete viser Gro Helen i aksjon på direktesendt babysang.

Gro Helen B Skjælaaen
BARNE- OG FAMILIARBEID



Tweensing - vi saknar dåke!!

Denne gjengen er så utruleg fin, og det å vera saman med dei er så gjevande for oss begge to! Men no er det lenge sidan vi har sunge saman med dei, og det saknar vi begge to!!

Vi var akkurat i gang med store prosjekt i TweenSing – då alt måtte stengast ned. To tweensband var på trappene til å komme godt i gang, nye musikkinstrument var kjøpt inn og planane lagt for opptredener.

Men vi fann ein måte å treffast på – på ein av desse digitale plattformane kor vi kan sjå kvarandre på skjerm – og det var kjekt! Så nokre mandagar har vi hatt «kormøte» på skjerm, ikkje for å syngje, men berre for å pratast, ha ein kahoot saman osv. Og det har vore både godt og fint!

No håpar både Maria og eg at vi kan treffast før sommaren kjem. Vi har ganske mange 7.klassingar som har si siste tid i TweenSing, og som vi har lyst å gje ei god avslutning.

Fram til då blir det berre tankeklem frå Maria og meg. Håpar vi snart ser dåke igjen!

Til info: TweenSing er eit kor for 5.-7.klassingar som øver i Nore Neset kyrkje. Gro Helen og Maria Lade (ein unik 2.klassing frå Kongshaug) får lov å vera saman med 22 tweens + dei kule bandgutta kvar mandag.

Gro Helen B Skjælaaen
BARNE- OG FAMILIARBEID



Garden of Eden Kenya

Os kyrkjelyd har gjennom mange år støtta "Garden of Eden Kenya" sitt arbeid i Nairobi. Leiarane i barneheimsprosjektet, Beatrice og Thomas Omolo har besøkt Os kyrkje før, både i 2013 og i 2015, og no i mai skulle dei komme tilbake på nytt besøk.

Dei skulle ha med seg dottera si, Wendy, samt eit av dei aller fyrste borna dei plukka opp fra Kiberaslummen: Nick. På grunn av korona måtte diverre reisa bli avlyst.

Frå å starte med to tomme hender, utan tilstrekkelege midlar til sitt eige livsopphald, valde ekteparet Omolo å gjere det vesle dei kunne for dei mest fattige og hjelpelause i slummen. I tru til Gud gjekk dei i gong tidleg på 2000-tallet. Etter kvart har dei bygd opp ein robust misjonsorganisasjon

som har eit fadderprogram for over 50 born. Dei driv ein nydeleg barneheim i vakre omgjevnadar utanfor Nairobi, ein skule i Kiberaslummen som no har plass til 700 elevar, samt at dei er pastorpar for ein livskraftig kyrkjelyd i lokalsamfunnet der barneheimen er.

Visjonen for arbeidet er å formidle Guds kjærleik til alle desse borna gjennom omsorg, gode måltid, skule, utdanning og forkynning. No har nokre av borna blitt vaksne studentar som går på college for å utdanne seg til det dei drøymmer om. Ynskje er å sjå kvart einaste barn stå støtt på trygg grunn, med økonomi som er berekraftig for seg og sine – og med ei visse om at dei er elska av Gud.

Nick, som no skulle vera ein del av reisefylgjet frå Kenya, levde i eit trist og tilsynelatande håplaust tilvære i slummen for 15 år sidan. No har han budd i mange år på den flotte barneheimen. Der har han utvikla seg til ein flott ungdom med mange talent og med eit nydeleg storebror-hjarte for dei andre borna på heimen. Å få reisa til Noreg var meir enn ein draum for Nick. Det var eit mirakel. Så vi håper at det vil kome ein ny sjanse for han til å besøk Os kyrkjelyd.

Vi likar å skryte på oss at vi driv effektivt, - seier Harald Ramm Salbu. Han leier den norske støtteorganisasjonen saman med kona Elin. Lave administrasjonskostnader her i Noreg gjer at pengane vi samlar inn kjem fram omtrent i si heilheit. Alt arbeid som vert lagt ned i Noreg er frivillig.

Styret for "Garden of Eden Kenya Support" er svært takknemleg for støtta Os kyrkjelyd har gjeve gjennom mange år.

**Hilsen Styret i
Garden of Eden Kenya Support**



Salme 707

Da jeg trengte en neste

Da jeg trengte en neste,
var du der, var du der?
Da jeg trengte en neste, var du der?

Om kved:

Hvem du er, hvor du lever,
det er én ting som teller:
Var du der?

Da jeg tørstet og sultet,
var du der, var du der?
Da jeg tørstet og sultet,
var du der?

Om kved

Da jeg frøs og var fengslet,
var du der, var du der?
Da jeg frøs og var fengslet,
var du der?

Om kved

Da jeg kom som en fremmed,
var du der, var du der?
Da jeg kom som en fremmed,
var du der?

Om kved

Overalt hvor du ferdes -
jeg er der, jeg er der.
Overalt hvor du ferdes -
jeg er der.
Hvem du er, hvor du lever,
det er én ting som teller:

Jeg er der.

Teksten bygger på domslikninga i Matt. 25, 31 ff. Forfattar og komponist Sydney Carter (1915-2004) er mest kjent for "Lord of the Dance". Då han var i Hellas under andre verdskrig vart han interessert i folkesong og dans. Han hørde til den anglikanske kyrkja men var erklært pasifist og hadde sterke sympatiar for trua til kvekarane. "Da jeg trengte en neste" vart sunge i Carter si gravferd i 2004.

Andrew Paul Holman
KANTOR



Sokneprestens hjørne:

Tal ikkje om ein nåde utan kjærleik som set spor.



Dette er siste gong eg skriv spalta «Sokneprestens hjørne». Etter 12 år som prest i Os, er det tid for å la andre ta neste økt. Det har vore mange gudstenester, kyrkjelege handlingar og menneskemøte.

Kva har vore viktig for meg å formidle? Det viktigaste i kyrkja si tru er: I den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har vi ein nådig Gud. Det må få følgjer for lære og liv.

Gud lengtar etter fellesskap med menneska og sende sin son til vår verd, slik ho faktisk er. I ein kommentar eg las ein gong står det slik: «Han ble tilregnet Josefs ættetavle. Mennene i slekten ramses opp. Her finner vi blant annet barn som var resultat av incest eller utroskap, barn av flerkulturelle familier. Han var født i okkupert land. Som spedbarn ble han flyktning.» Jorda og alt som fyller henne høyrer Gud til, heiter det i nattverdliturgien. Det er ikkje ei idealverd, men det er denne verda Johannes meiner når han seier at Jesus kom til sitt eige.

Då kan ikkje vi som følgjer han, snu ryggen til verda. Tvert om må vi gå

inn i henne og møta henne slik Jesus gjorde. Evangelia er fulle av forteljingar om Jesu møte med menneske som av ulike grunnar vart definerte «utanfor». Kva seier det om korleis vi skal møte menneska? Ei dame sa noko klokt til meg for litt sidan: «Når Jesus hadde problem med menneska rundt seg var ikkje problemet at dei var for rause, men at dei var for lite rause» Noko av det eg har ynskt å formidla, vert uttrykt i denne teksten av John Bell:

Tal ikkje om ei tru som vender ryggen til vår jord.

Tal ikkje om ein nåde utan kjærleik som set spor

Refr:

*Nei lat meg sjå det finst ein Gud
Og lat meg kjenna mot mi hud
At Kristus rekkjer handa ut
Og rører og ved meg.*

Fordi Gud ikkje har vendt ryggen til jorda, skal ikkje vi heller gjere det

Margrethe Holmboe
Askeland
SOKNEPREST

DRENERING • MURING • SPRENGING



Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

Ein takk til Byggmeister Kjell Aarvik!


Stiftelsen Steindalen har eit naust i Kuvågen som vi har stilt til disposisjon for KFUK/M-speidarane i Os. Vi har lenge hatt planar om å få bygga pirane framfor naustet slik at fortøying av båtar, omborstiging og opptrekk av båtar skulle bli lettare.

Det er raust av dykkar firma å ta arbeid og kostnad med desse pirane og vi vil med dette takke dykk hjarteleg for dette bidraget.

KFUK/M-speidarane har vore aktive i bygda i meir enn 60 år og har p.t. rundt 70 aktive.

Ein får mest glede av båt- og sjøliv når ein er trygg på sjøen. Bruk av båtar og tryggleik omkring sjøliv er derfor viktig del av speidarane sine aktivitetar. Speidarane disponerer fleire Askeladden seglbåtar, og alle speidarane får trening og turar med desse. Naustet i Kuvågen er nyttig med tanke på lagring av båtar og båtutstyr samt redningsutstyr som flytevestar, m.m.

**Igjen; HJARTELEG TAKK FOR VERDIFULLT
BIDRAG TIL SPEIDARANE SITT ARBEID MED
BORN OG UNGE I OS !!**



*Gerhard A. Hansen
Øyvind Sundfjord
Stiftelsen Steindalen
KFUK/M-
speidarane i Os*

Diverre må vi avlyse årsmøte for i år

Årsmelding vil liggje tilgjengelig på heimesida vår frå 1.mai. Har du nokon spørsmål ta kontakt med dagleg leiar Linda Ekerhovd på: le663@kyrkja.no

Os sokn

FØLG OSS PÅ NETT

FACEBOOK

Dagleg leggast det ut korte innlegg på Os kyrkje si side.

YOUTUBE

Følg med på vår youtube-kanal Os kyrkje

HEIMESIDA

Hald deg oppdatert på kva som skjer i kyrkjelyden.

TUSEN TAKK!

**Vi takker for bidrag
og stort engasjement
i forbindelse med den
digitale fasteaksjonen for
Kirkens nødhjelp.**

Vi har klart å samle inn 149.357 fra Os sokn og har nest mest innsamla midlar frå kyrkjelydar i heile landet. Osingane har bidradd til at 747 personar vil få reint vann resten av livet.

Språkkafeen kjører «torsdagsåpent på nett»

Følg med på **Språkkafeen i Os** på facebook, og bli med i gruppa! Det blir SPRÅKSPRELL – Språkkafe på video og nett.

Strikk til Tunet-basaren halden i februar, for tredje året på rad!

Storsalen vart raskt fylt av basar-glade folk som kjøpte mange årer og soleis støtta opp om formålet, nemleg å hjelpe med nedbetaling av gjelda på Os kyrkje- og kultursenter. **I år kom det inn kr 61 600,- som vert gjeve Os Sokneråd til direkte nedbetaling av lånet.**

At Tunet er bra og viktig for osingar flest vart understreka frå scena då

Anna Skjælaaen og Åshild Svendal Os framførte dans, og TweenSing song, med musikk av eige nyoppretta TweenS-band. Og sist, men ikkje minst, god musikk av bandet «Vondt i ryggen» med Solfrid Bjørnevik og Kari Torsvik som solistar. Bandmedlem og bassist Simon Bjørnevik hadde laga ein song til ære for Strikkedamene. **«Strikk» har sine møter kvar onsdag i Salongen i Tunet, frå**

september til 17. mai, og er ope for alle interesserte. Målet med arbeidet er sosialt samvær og i tillegg bidra til å betale ned gjelda på Os kyrkje- og kultursenter.

Det vert strikka og sydd gevinstar til den årlege februar-basaren. Strikk til Tunet ønskjer nye strikkedamer og -herrar velkomne.

Støtt våre annonsører

NMS GJENBRUK OS
MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!
 Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis
 Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPlass MISJON

Følg oss på Facebook
 "NMS Gjenbruk Os"

Sag og høvleri

DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdlast
 Panel - lister - golv
 Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
 5215 LYSEKLOSTER

OS HAGESERVICE 
 alt innen hage

Vi lager hageplan,
 murer, legger stein,
 lager plen og planter
 busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no

TRAVELNET 

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os
 Tlf. 56304300

e-post: os@travelnet.no | www.verden.no

REISEGARANTI
 RGF
 FONDET



Elektro-Design AS
 AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
 Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

KVALITET!

Verktøy, maskiner og
 redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS
 Tlf. 56 30 44 90


www.jernia.no

GRAVMINNER
 Stor salgsutstilling av
 nye monumenter
 Tilføyelser / Oppussing

 **EIKNER** 100år 2008

STEINRIKET
 EIKNER NATURSTEIN
 ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
 TLF. 55 98 70 00

Os Gravferdsbyrå as 

Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
 Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette
 for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve.
 Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

19. januar

Malene Halleraker Barman
Lionel Larsen Borgen
Amalie Dahl Torvund

26. januar

Sondre Bjerkvig
Julie Davidsen Vikane

2. februar

Emil Kartveit Johnsen
Eva Torsnes Vaksinen Sælensminde
Nora Torsnes Vaksinen Sælensminde

9. februar

Jon Gjertsen
Rikke Ekerhovd Selje
Albert Justad Tysseland
Adelheid Lundgren Vårdal

16. februar

David Hovland Riise
Jonathan Kjærgaard Rolland
Andreas Lothe Troland
Nikolai Hetlevik Tysseland

23. februar

Live Wilhelmsen Bolseth

1. mars

Ingrid Louise Generoso Benjaminsen
Fredrik Mjøs Wigum

8. mars

Othilie Nordtveit Henriksen
Cornelia Lekven
Alfred Lekven Moberg
Matheo Sælen

15. mars

Felix Fimreite

29. mars

Rebekka Kvalheim Nilsen
Marikken Kvalheim Nilsen
Conrad Dørrbecker Størkson

5. april

Trym Gerdts
Amalie Kartveit Nielsen

19. april

Ole Jørgen Børve Bynes

26. april

Arthur Hjelle
Sander Langeland
Vilde Nordahl-Pedersen

DØDE

Solveig Midtvedt

f. 01.02.1924 - d. 08.01.2020

Gjertrud Tønjum

f. 24.09.1927 - d. 10.01.2020

Jorid Moberg

f. 06.10.1922 - d. 11.01.2020

Bergitte Cecilie Hoff

f. 20.03.1923 - d. 14.01.2020

Julie Evelyn Storvik

f. 04.12.1945 - d. 18.01.2020

Ågot Prestegård Haugland

f. 26.05.1924 - d. 21.01.2020

Myrthle Mobergslien

f. 23.03.1953 - d. 22.01.2020

Hildegunn Lønningdal

f. 14.03.1978 - d. 25.01.2020

Torill Moberg

f. 09.08.1956 - d. 31.01.2020

Elisabeth Susanne Vevle

f. 23.03.1960 - d. 07.02.2020

Björg Gudding

f. 16.06.1935 - d. 08.02.2020

Carly Osgerd Monsen

f. 24.02.1921 - d. 14.02.2020

Ingun Oline Thuen Særvold

f. 09.01.1950 - d. 20.02.2020

Håkon Drange

f. 18.04.1929 - d. 25.02.2020

Ruth Skoglund

f. 15.01.1928 - d. 25.02.2020

Kaisa Irene Mjøs

f. 22.06.1944 - d. 26.02.2020

Borgny Rebekka Totland

f. 27.04.1932 - d. 26.02.2020

Sigbjørn Rein

f. 19.02.1932 - d. 28.02.2020

Inglaug Solsvik

f. 30.08.1927 - d. 29.02.2020

Inger Grotle-Hauge

f. 07.03.1938 - d. 04.03.2020

Erik Barrie Hennes

f. 24.07.1949 - d. 07.03.2020

Målfrid Olsen Skoglund

f. 03.04.1939 - d. 08.03.2020

Liv Møyfrid Kanestrøm

f. 29.05.1939 - d. 14.03.2020

Hans Martin Bøgevik

f. 23.01.1926 - d. 22.03.2020

Janne Moberg

f. 09.05.1992 - d. 28.03.2020

Aslaug Bergitte Lindborg

f. 19.08.1930 - d. 05.04.2020

Vera Minna Wilhelmsen

f. 02.02.1936 - d. 08.04.2020

Jorunn Brenna

f. 24.05.1938 - d. 09.04.2020

Eldbjørn Asphaug Søviknes

f. 17.08.1943 - d. 11.04.2020

Hallgeir Hagen

f. 03.10.1927 d. 17.04.2020

Erik Mayer Ingemann

f. 27.07.1931 d. 20.04.2020

Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 12. januar 2020

Dato	Takkoffer til	Beløp
12.01.2020	Ungdom i oppdrag	2 171,-
19.01.2020	Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	7 059,-
26.01.2020	NLA Høgskolen	3 336,-
02.02.2020	Kirkens SOS	6 796,-
09.02.2020	Tunet	7 616,-
16.02.2020	Os KRIK	9 245,-
23.02.2020	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	4 880,-
01.03.2020	Misjonsprosjektet	3 660,-
08.03.2020	Tunet	8 109,-
12.04.2020	Tunet	491,-

VIGDE

22. februar i Os kyrkje

Kenneth Ulseth Grener &
Aleksander Ulseth Grener

21. mars i Os kyrkje

Elin Bryn Thorsen &
Jostein Kløverød



Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Sjå www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysningar.

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
<p>17.05.20 kl. 10.00: 17. mai 21.05.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. 24.05.20 kl. 11.00: Nattverd. Band. 31.05.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.</p> <p>07.06.20 kl. 11.00: Nattverd. 14.06.20 kl. 11.00: Nattverd. Søndag for skaperverket. 21.06.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Avskjedsgudsteneste for Margrethe Holmboe Askeland. 24.06.20 kl. 16.30: Avslutning skapningsdagane. 28.06.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.</p> <p><i>05.07.20 er det ingen gudsteneste Frå 12. juli t.o.m. 9. august vert det dåp og nattverd kvar søndag kl. 11.00 i Os kyrkje</i></p> <p>16.08.20 kl. 10.00: Dåp. 16.08.20 kl. 11.15: Nattverd. 23.08.20 kl. 11.00: Jubileumsgudsteneste. Nattverd. 30.08.20 kl. 11.00: Dåp.</p> <p>06.09.20 kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon 06.09.20 kl. 19.00: Forbøns gudsteneste. Nattverd. 12.09.20 kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon 13.09.20 kl. 11.00: Dåp. Konfirmantspresentasjon.</p>	<p>24.05.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. 05.09.20 kl. 9.30, 11.30 og 13.30: konfirmasjon. 13.09.20 kl. 11.00: Konfirmasjon.</p> <p>Andre</p> <p>Lysekloster kapell 01.06.20 kl. 11.00: Dåp.</p> <p>Sjå www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysningar.</p> <p><i>Så lenge det er restriksjonar pga korona må gudstenestepånen lesast med føresetnad om endringar. Følg med på nettsida vår for oppdatert informasjon.</i></p>

OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, ma735@kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, re674@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

VIKARPREST

Svante Havåg, sh226@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, i permisjon til 1. jan 2020,
kf253@kyrkja.no, tlf. 56 57 24 03,
mob: 414 26 859

FUNGERANDE KYRKJEVERJE:

Harald Geir Sæther, hs995@kyrkja.no
tlf. 56 58 01 80

DAGLEG LEIAR:

Linda Ekerhovd, le663@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 20.

KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, em244@kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr346@kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, lh798@kyrkja.no,
tlf 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hl489@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

DIAKON:

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11
Anton Proskurnin, ap244@kyrkja.no
mob.: 482 32 977

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

KYRKJELYDSPEDAGOG

BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hv299@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Kenneth Molland (mob: 917 49
190), Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, Agnar
Midtsæter og Linn Kjerstin Østgulen.

Ynskjer du å annonsere i kyrkjebladet?

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller e-post
post.os@kyrkja.no

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os



BARNAS SIDE

Finn 5 feil

Etter at Jesus døydde, gøymde læresveinane seg. Dei var redde og lei seg. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn namn på 10 insekt!


I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 insekt. Namna står bortover og nedover. Klarer du å finne alle saman?

R	E	V	L	I	N	S	N	I	P
G	R	E	S	S	H	O	P	P	E
M	K	P	L	A	U	M	R	L	T
A	E	S	O	T	M	M	A	U	R
R	F	Å	P	R	L	E	T	S	O
I	J	U	P	I	E	R	E	S	V
H	O	M	E	G	S	F	L	U	E
Ø	M	U	M	I	L	U	S	L	L
N	P	I	L	I	O	G	V	P	Ø
E	K	A	K	E	R	L	A	K	K

Fargelegg!

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Men Jesus sto opp frå dei døde, og viste seg for Tomas og dei andre læresveinane!



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

VITSAR

- Mamma, eg har funne ein falsk hundrelapp!
- Korleis veit du at han er falsk?
- Det er tre nullar i staden for to.

- Mamma, hugsar du den dyre vassen du var så redd for at skulle bli øydelagt?
- Ja?
- Eh, no treng du ikkje å vere redd for han lenger ...